

Arkivnr: 2017/4635-1

Saksbehandlar: Hanne Espe

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2017
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.06.2017

**Gåve til Bergen og Omland Friluftsråd sitt 80-års-jubileum i 2017****Samandrag**

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) blei stifta 29. juni 1937 og feirar 80 år i 2017. BOF er eit interkommunalt samarbeidsorgan med 17 deltakarkommunar i Bergensregionen.

Kommunane Bergen, Fana og Laksevåg var med frå starten. Føremålet var å sikre naturområder for friluftsføremål. I 1939 hadde BOF sikra ti områder for friluftsføremål. I dag er talet på friluftsområder i BOF-kommunane auka til 233.

Friluftsrådet si oppgåve er å sikre nye friluftsområder, tilrettelegge dei og vedlikehalde områda slik at alle kan bruke dei. BOF skal også arbeide for større forståing for friluftslivets tyding, betre friluftskultur og eit breiare friluftsliv. Rådet samarbeider med deltakarkommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar. BOF har kontor, møtelokale, verkstad og garasje på Helleneset i Bergen kommune.

Bergen og Omland Friluftsråd har ei viktig rolle for friluftslivet i Hordaland, og er ein viktig regional samarbeidspart for fylkeskommunen. BOF har m.a. gjort ein markant innsats i lengre tid knytt til marin forsøpling. I seinare tid har forsøplinga fått meir merksemd – og det har ført til auka fokus og løyvingar frå både nasjonalt og regionalt hald.

8. og 9. juni vert det arrangert ein nasjonal friluftslivskonferanse *Tilrettelegging for friluftsliv i det blå og det grønne*.i Bergen med BOF som hovudarrangør. Det er tinga eit kulturinnslag – «Sustain» - som mellom anna gjer ei kunstnarleg bearbeiding av tema som marin forsøpling. Fylkesrådmannen føreslår at kostnaden på dette kulturinnslaget, kr. 25.000,-, vert gitt i jubileumsgåve frå Hordaland fylkeskommune til BOF.

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet løyver kr 25.000 som gåve til Bergen og Omland Friluftsråd i høve markering av 80-års-jubileumet. Gåva vert gitt i form av å dekke kostnaden for kulturinnslag ved nasjonal friluftskonferanse 8. og 9. juni.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsloøyvingskonto fylkesutvalet - går ned med kr 25.000

budsjettpost 10.400.450.00 Tilskot til friluftsføremål – aukar med kr 25.000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*